

ROLF SCHREINER:

Telefon fra Hamar



Nøyaktig 35 år itte tyskerne la ner våbnene itte fyste verdenskrig – då e me komt te 11/11 1953 – fekk eg ein lillebror. Det betyr at 11. november sist høst gjekk han hen og fylte 61 år. Jubilanten fekk beskjed om at fruen og eg stakk innom på ittemiddagstid – me tenkte at då va nok barn & barnebarn invitert på kager og sånn.

På plass i Mor Åses vei ga eg ein konvolutt te bror min og sa at dette va bursdagspresangen fra fruen og meg. Han såg litt løye på meg, og blikket blei merr spørrandes då han såg innholdet i konvolutten. Der låg 27 tusenlapper.

På Wikipedia kan me lesa:

Spilleavhengighet er en tilstand hvor en person er blitt avhengig av penge-spill, og har mistet kontrollen over sitt forbruk. Tilstanden er klassifisert som en psykisk lidelse som betegnes som «patologisk spillelidenskap». Et typisk trekk ved spilleavhengighet er at personen spiller bort mer enn han eller hun har råd til å tape, noe som kan få store følger også for familien. Det er vanlig at personen forsøker å rette opp skaden ved å spille mer – i en irrasjonell tro på at lykken vil snu. Dette resulterer normalt i at problemene blir større.

Okei, så vett me det. Någen kalle det avhengighed, og någen kalle det galskab. Og då må jo eg bare innrømme at eg har nok et snev av det.

Men eg kalle det spenning – og glede.

Og der e litt fornuft i galskaben. De siste årene e det speleautomater og dataspel så frembringe de aller fleste så kan kallas speleavhengige. Eg har aldri spelt på automater, og eg har aldri spelt på nettet. Men eg har nok gitt ein brukbar sum te norsk forskning og idrettsliv – det må eg bare innrømme. Og ikkje minst – eg har aldri spelt for merr enn eg har råd te å taba.

Det e far min sin skyld – det va han så begynte galskaben. Eg e blitt fortalt at far min fylte ud den aller fyste kupongen så kom fra Norsk Tipping 13. mars 1948. Og han holdt det gåande uga itte uga, år itte år – men barndommen min va ligavel ikkje akkurat prega av at far min dro hjem store tippegevinst.

Men de så ikkje e med, de vinne i hvert fall ingenting. Det fekk eg hørre av far min då eg va i 12-årsalderen og begynte å fylla ud mine egne kuponger. Og det va då at far fant ud at han sko begynna med faste tippetegn kver uga. I tillegg te kuponger kor han la sjelen i å finna hjemmeseier, uavgjort eller borteseier, så fylte han ud ein 16-rekker (fira halvgarderinger) og ein 24-rekker (ein heilgardering og tri halve), og disse to kupongene leverte han inn kver uga.

Og årene gjekk.

Far min støtta idrett og forskning – og eg støtta idrett og forskning. Det va nemlig det øveskuddet te Norsk Tipping gjekk te, og me følte jo at me gjorde ein nyttige samfunnsinnsats. For det va langt mellom de store gevinstene.

Men der va jo lyspunkter. Då eg vant 24.000 for 12 rette i 1974, va det møyje pengar. Den gang hadde eg 36.000 i årslønn, og det e å vinna 2/3 av lønnå for et heilt år sko eg gjerna gjort om igjen i dag...

La oss sei – bare sånn reint hypotetisk – at eg gamble for 1000 kroner i ugå. Midtugetipping, Viking-Lotto, Lørdagstipping, V-75, Lotto og Søndagstipping. Det sko bli 52.000 i året. Og la oss så anta – ennå merr hypotetisk – at det har eg gjort i øve 20 år. Du ser at det blir øve ein million? Greit. Då e det hypotetiske spørsmålet: Har eg tapt så møyje? Nei.

Någen år går i pluss, og någen år går i minus. Eg har aldri vonne et sekssifra beløb, men eg har fått 70.000, 60.000, 50.000, 40.000, 30.000 og nerigjønå.

Då far min døde i 1984, tog eg på meg ansvaret for å føra tippe-arven videre. De to kupongene på 16 og 24 rekker så far hadde levert inn kver lørdag i 25 år, blei nå fylt ud og levert inn av meg, og eg sa te bror min at dette va ein arv så bør delas. Dermed betalte han halvparten av innsatsen.

Så gjekk det 30 år. Bror min spurte aldri koss det gjekk med tippingen me hadde samem, men han betalte jevnt og trutt.

Våren 2014 gjekk 16-rekkeren inn med 12 rette pluss diverse 11ere og 10ere. Gevinsten va 54.000 kroner. Eg hørte ingenting fra bror min – det va tydeligt at familiens snev av spelegalskab va ujevnt fordelt oss imellom. Så han ante ikkje koffer han fekk pengar te bursdagen. Men eg tror han syns det va ein kjekke presang.

Når fruen og eg e hemma hos oss sjøl om lørdagen – og hu ska stå for kveldens kulinariske opplevelse – har eg nå kver einaste lørdag i mange år gitt klar beskjed:

«Det e ingen vits i å begynna å tenka på maden før klokka seks. Då e kampane ferige. I dag regne eg med ein såpass solide tippegevinst at me ska ud og feira. Vil du helst spisa på N.B. Sørensen eller Bevaremegvel?»

«Kanskje eg kan få venta med å bestemma meg for restaurant te itte me e sikre på at der e någe å feira.» Fruen e irriterandes logiske av og te.

«Gledesdrebar!»

Og kver einaste fredag, då eg levere inn Lotto, lørdags- og søndagstipping, e eg liga sikker på at ein eller aen gang i løbet av helgen så ringe mobilen min.

«Hallo, det e Rolf.»

«Hei – det er fra Norsk Tipping på Hamar.

Sitter du godt...?»